

Inviterer til trening med Norgesmeister.

22.10.2016



Ragnhild Femsteinvik(nr.2 f.v.) då ho mottok idretts- og kulturstipend frå Marine Harvest i 2013 saman med Thomas Netland, bror Martin Femsteinvik, Vegard Døssland og Turid Lande Solheim frå Marine Harvest.

**Onsdag i komande veke, 26.10., kan unge skiløparar i Kvinnherad få ei særslig inspirerende treningsøkt.  
Då inviterer Dimmelsvik Bil alle opp til 16 år til ei rullski-økt med Ragnild Femsteinvik, ung  
hatlestrending, som har markert seg godt heilt i Norges-eliten i skiskyting.**

Bakgrunnen for dette er at Ragnhild Femsteinvik i om lag eit år har køyrt land og strand rundt i ein Toyota Auris. Denne har ho på ein gunstig leasing-avtale med Dimmelsvik Bil. Treninga startar kl.18 og vert på det nyasfalterte området bak Dimmelsvik Bil sitt bygg. Bilforretningen stiller med bollar, saft og kaffi.

Medan borna trenar kan foreldra som transporterer dei, i tillegg kosa seg med å kika på det som Dimmelsvik Bil har å by på. Karane på bilsalget vil nemleg vera til stades.

Ragnhild Femsteinvik hadde ein svært god sesong i fjor då ho var på juniorlandslaget. Ho gjorde ein god innsats i VM for juniorar der ho representerte Norge. Ho opplevde også å vinna sitt første Norgesmeisterskap som senior. På lag med Hilde Fenne og Jori Mørkved gjekk ho laget til Hordaland inn til gull i stafett. Denne sesongen er ho førsteårs senior, og ho er då ein del av Team Gladlaks som er topsatsinga i Hordaland. Det vert spennande å følgja ho utover i sesongen. Ho har hatt fleire svært gode resultat i rulleskirenn i sommar. Onsdag kan altså unge kvinnheringer henta inspirasjon frå den dyktige skiskyttarjenta.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland